## Mange flotte gevinstar på adventskalendaren i år.

15.11.2018




Mykje kjekt å vinna på adventskalendaren til skulemusikken.

**Interessa for den populære adventskalendaren til Uskedal skulemusikk er stor også i år. Det er ikkje rart for etter at eg har fått mine i hende, synes eg at det er ekstra flotte gevinstar i år. Fram til juleaftan vert det trekt 40 gevinstar som vert kunngjort dagleg her på uskedalen.no.**

Skulemusikantane har til no vore rundt på bygda og selt kalendaren på dørene til folk. Dei har blitt svært godt mottekne, og det er tydeleg at mange set pris på dette årlege adventstiltaket og nærmast ventar på at dei skal koma. Dei unge musikarane har gjort ein flott jobb.

Framleis er det nokre som ønskjer å kjøpa kalendaren. Ikkje alle var heime då dei fekk besøk av dei unge seljarane. Her i huset veit eg at det måtte minst tre forsøk til før dei fekk napp og fann folk heime. Det føregår no salg m.a. på facebook og i tillegg kan alle interesserte ta kontakt med nokre i skulemusikken så vert det ordna kjapt og enkelt. Hege Lekva er ei av dei som også tar mot bestilling på telefon, mob. 988 07 713. Det kan betalast med kontantar og Vipps.

Den flotte gevinstlista viser at det vert trekt to gevinstar kvar dag fram til og med 16.desember. Det er veldig mykje fint, og mest alle gevinstane er gjevne av næringsdrivande som er gode støttespelarar for skulemusikken. Siste veka før julaftan har dei denne flotte gevinstlista:

17. des.: Gåvekort på 500 kr gjeve av Elins Matgleder.
18.des.: Produktpakke til veri 700 kr, gjeven av Trend Frisør
19.des.: Gravemaskin, verdi 799 kr, gjeven av AS Betongvarer/Felleskjøpet
20.des.: EU-kontroll, verdi 950 kr, gjeven av Dimmelsvik Bil
21.des.: Traktor med tilhengar, verdi 1300 kr, gjeven av Br. Musland Maskin/Felleskjøpet
22.des.: Pulsklokke, verdi 1699 kr, gjeven av DNVGL-Stord/Sport1 Rosendal
23.des.: JBL Xtreme høgtalar, verdi 2490 kr, gjeven av Uskedal skulemusikk
24.des.: Bålpanne m/tilbehør, verdi 2990 kr, gjeven av Uskedal skulemusikk

I tillegg kjem alle dei 32 flotte gevinstane som vert trekt ut tidlegare i månaden. Der er det mykje vinnarane vert glade for. Det er stor breidde i utvalet frå mange variantar av gåvekort og heimestrikka ting til Legovariantar, strålekastar, brannslukkingsapparat og kaffimaskin for å nemne nokre få.

Gjennom denne kjekke adventskalendaren sikrar skulemusikken oss både spenning og førjulsstemning i

adventstida. For Uskedal skulemusikk er det ei særs viktig inntektskjelde.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.